



Alver kommune

Vestland fylkeskommune

Saksbehandlar, innvalstelefon

Svein Kornerud, 5557 2027

Mekling - detaljreguleringsplan Meland kyrkjegard - Meland kommune

Det var mekling om detaljreguleringsplan for Meland kyrkjegard i Meland kommune den 12. desember 2019 hos Fylkesmannen i Vestland i Statens hus, Bergen. Det var mekla mellom Meland kommune, no del av Alver kommune, og Hordaland fylkeskommune, no del av Vestland fylkeskommune, som hadde motsegn. Følgjande deltok:

Meland kommune:

Øyvind Oddekalv, ordførar Meland kommune og varaordførar Alver kommune,
Sara Hamre Sekkingstad, ordførar Alver kommune,
Nils Marton Aadland, varaordførar Meland kommune,
Martin Kullid, rådmann Meland kommune og ass. rådmann Alver kommune,
og elles frå administrasjonen/plan i både Meland og Alver kommune:
Kristin Nåmdal og Lennart Falkenberg-Arell.

Hordaland fylkeskommune:

Tor André Ljosland, leiar utval for kultur, idrett og regional utvikling(KIRU)
Kjell Håland, nestleiar KIRU
David Aasen Sandved, fylkeskonservator
Lars Petter Klem, sakshandsamar
Eva Katrine R. Taule, konst. plansjef i Hordaland fylkeskommune

Fylkesmannen i Vestland:

Ass. fylkesmann Gunnar Hæreid, meklar
Svein Kornerud, sekretær

Saka gjeld motsegn frå fylkeskommunen til endring av vegtilkomst forbi kyrkjegarden. Partane la fram sine syn og diskuterte ulike løysingar, også med ulike vegalternativ forbi kyrkja og kyrkjegarden.

Det vart lagt fram forslag til ein noko enklare vegstandard i foreslått trase, og der partane måtte vurdere anna vegdekke og føresegnar for det. Det måtte partane undersøke og vurdere nærare, og trong tid utanom meklingsmøtet til slike avklåringar. Det blei avtalt at kommunen og fylkeskommunen har kontakt med kvarandre utanom og i forlenging av denne meklinga.



Partane vart ikkje samde i meklinga, men vil ha kontakt for å forsøke å finne løysing.

Meklinga vart ikkje avslutta. Partane må ta kontakt med Fylkesmannen dersom det er ønskje om å halde fram mekling.

Vi er leie for at det ha teke tid å skrive ut denne protokollen.

Med helsing

Gunnar Hæreid
ass. fylkesmann

Svein Kornerud
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Mottakerliste:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Alver kommune	Havnevegen 41 A	5918	FREKHAUG